



INNKJØPSSTRATEGI 2018-2025 FOR ETNE KOMMUNE

Vedtatt i K-sak 015/18

1. Føremål

Innkjøpsstrategien er eit forpliktande dokument som slår fast dei overordna måla for Etne kommune si innkjøpsverksemd i perioden 2018 til 2025. Strategien skal vere retningsgivande for alt arbeid knytt til innkjøp, frå utlysing av konkurransar til val av tilbod, og oppfølging av avtalar. Strategien omfattar alle einingar og skal bidra til at Etne kommune opptrer som og blir oppfatta som ein (juridisk) kjøpar.

Strategien bør reviderast/vidareutviklast i løpet av perioden i takt med utviklinga på innkjøpsområdet.

2. Mål

Det overordna målet for kommunen sine innkjøp er å nytte offentlege middel på best mogleg måte og slik sikre ei berekraftig økonomistyring som gir handlingsrom, jf. kommuneplanens sitt mål 9.1: «Me skal ha økonomisk handlingsrom og ei berekraftig økonomistyring».

2.1 Hovudmål – ønskja posisjon

Etne kommune er ein attraktiv og profesjonell kunde som gjennom gode innkjøp sikrar gode tenester, og forvaltar offentlege midlar på ein mest mogleg ressurseffektiv måte.

2.2 Delmål

Hovudmålet skal nåast gjennom fylgjande delmål:

- Etne kommune skal ha gode rutinar som sikrar at innkjøp skjer i tråd med lover og reglar, og med omsyn til etikk og miljø.
- Kommunen skal bruke digitale verktøy i heile innkjøpsprosessen.
- Kommunen skal vere ein aktiv deltakar i og pådrivar for Innkjøps samarbeidet på Haugalandet, og vere ein naturleg samarbeidspartnar for andre offentlege aktørar.

3. Tiltak

Måla skal oppfyllast ved at kommunen skal:

- Følgje opp og vidareutvikle rutinar for heile innkjøpsprosessen, inkludert malar for anskaffingar, evalueringsskjema og protokollar. Rutinane skal vere elektronisk tilgjengelige for alle som gjer innkjøp i Etne kommune.
- Sørgje for at alle som gjer innkjøp i kommunen er kjent med Etne kommune sin innkjøpsstrategi og gjeldande lovverk, og har grunnleggjande kompetanse om innkjøp.
- Ta i bruk effektive elektroniske hjelpemiddel innafor innkjøpsområdet, i første rekke e-handel og konkurransegjennomføringsverktøy. Det skal og stillast krav om elektronisk faktura frå leverandørar som vil levere til Etne kommune.
- Kartleggje innkjøp og bruk av rammeavtalar, behov og erfaringar ute i einingane.
- Følgje opp at det er lærlingar der lova krev det



- Støtte opp om og jobbe aktivt for å styrke Innkjøps samarbeidet på Haugalandet, og vere med på flest mogleg rammeavtalar der det er føremålstenleg for Etne kommune.
- Omtale innkjøp og oppfylging av innkjøpsstrategien i årsmeldinga.
- Anskaffingar under 100.000 er unnatekne lov og forskrift om offentlege anskaffingar. Det skal hovudsakleg hentast inn prisar frå fleire leverandørar, minimum to.

4. Ansvar

Rådmannen har det overordna ansvaret for strategien.

Leiarar med budsjettmynde er ansvarlege for at dei som gjør innkjøp er kjent med og følgjer innkjøpsstrategien, lovverk og rutinar.

Alle som gjer innkjøp for Etne kommune er ansvarlege for å vere lojale mot dei avtalane kommunen har inngått og forpliktar seg til å følgje gjeldande reglar og rutinar.

